

# Reglement for gåver og påskjønning i nye Ålesund kommune



Nye  
Ålesund  
kommune

**OPEN • ENGASJERT • MODIG**

Nasjonal gjennomslagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet.

**Gjeldande fra 01.01.2020**

[www.nyealesund.no](http://www.nyealesund.no)



## VIRKEOMRÅDE

Reglementet gjeld alle kommunale arbeidstakrar i eit fast bindande arbeidstilhøve i Nye Ålesund kommune. Samla tenestetid i Sandøy, Ørskog, Skodje, Haram og Ålesund kommune ligg til grunn.

Påskjønning/gåver kan bli gitt i form av eit gåvekort, men skal ikkje kunne løysast inn i kontantar.

## 1. PÅSKJØNNING TIL TILSETTE I KOMMUNEN

Kommunale arbeidstakrar som har vært i kommunen si teneste i totalt 25 år, får ei gave til en verdi av ca. **8 000,- kroner** eller et gåvekort på same beløp. Permisjonar som er gitt med løn skal reknast med i berekningsgrunnlaget.

## 2. PÅSKJØNNING VED OPPHØYR AV ARBEIDSFORHOLDET

Arbeidstakar som frårter ved oppnådd pensjonsalder, blir pensjonert grunna sjukdom eller mottar oppseiing som ikkje er grunna i arbeidstakar sitt forhold, og som har minst 10 års teneste totalt i kommunen, får ei gave eller gåvekort.

Gåva kan ha ein verdi av ca. **3 000,- kroner** eller eit gåvekort på same beløp. Permisjonar som er gitt med løn skal reknast med i berekningsgrunnlaget.

## 3. OVERREKKING AV GÅVE OG AVGRENsing

Overrekking av gave etter punkt 2 og 3 kan skje ved en enkel tilstelling med kake og blomster, fortrinnsvis på arbeidsstaden.

Når arbeidstakrar med mindre enn 10 års teneste frårter ved oppnådd pensjonsalder, blir pensjonert grunna sjukdom, eller mottar oppseiing som ikkje er grunna i arbeidstakar sitt forhold, kan det ved fråtredelsen arrangerast ein enkel tilstelling med kake og blomster.

Når arbeidstakar slutter av andre grunner, enn nemnt i punkt 3, og har meir enn 10 års teneste, kan det ved fråtredelsen arrangerast ein enkel tilstelling med kake og blomster.

Gåver overrekkast av vedkommande sin leiar.

## **4. ÅREMÅLSDAGAR OG EKTESKAP**

50- og 60-års fødselsdagar kan markerast med en enkel tilstelling med kake og blomster.

I forbindelse med inngåing av ekteskap kan det sendast ei blomsterhelsing.

## **5. GRAVFERD**

Ved gravferd til arbeidstakar skal vedkommande sin arbeidsplass sende blomster eller krans. Dersom avlidne/etterlatne ynskjer at helsingar skal gå til sosiale, humanitære eller liknande formål, vert det gjeve ein sum tilsvarende kostnad til blomster/krans.

Ein skal i det lengste prøve å få til at leiar eller nokon i leiar sin stad representerar Ålesund kommune som arbeidsgjevar i gravferda.

## **6. GJENNOMFØRING AV REGLEMENTET OG ØKONOMI**

Ansvaret for oppfølging av reglementet ligg hos vedkommande sin leiar.

Alle utgifter til gåvekort, gåver, blomster og ~~bevertning~~traktering etc., dekkast over budsjettet for verksemda som vedkommande arbeidar i. For leiarar dekkes det av overordna sitt budsjett.

## **7. DIVERSE**

Rådmannen har fullmakt til å ta avgjerd om tildeling av blomsterhelsing/gåve ved andre høve.

## **8. FORTOLKING**

Tvist om tolking av reglane i reglement for gåver og påskjønning avgjeraast av rådmannen.

## **9. IVERKSETTING**

Dette reglementet gjeld frå 01.01.2020.